

KOMMISJONSAVGJERD

2017/EØS/42/32

av 14. november 2012

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk

[meld under nummeret K(2012) 8055]

(2012/721/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 kan EU-miljømerket tildelast dei produkta som har ein redusert miljøverknad gjennom heile livssyklusen sin.
- 2) I forordning (EF) nr. 66/2010 er det fastsett at det skal innførast særlege kriterium for tildeling av EU-miljømerket for kvar produktgruppe.
- 3) Kriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll bør gjelde i eit tidsrom på fire år frå den datoen denne avgjerda vert teken.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» skal omfatte tekstilvaskemiddelprodukt som er meinte for yrkesbrukarar i industri- og institusjonssektoren.

Produktgruppa omfattar fleirkomponentsystem der komponentane til saman utgjer eit komplett vaskemiddel eller eit vaskeprogram for automatiske doseringssystem.

Denne produktgruppa omfattar ikkje produkt som vert nytta for å tilføre tekstilar visse eigenskapar, t.d. slik at dei vert vassavstøytande, vassette, brannsikre osv. Denne

produktgruppa omfattar heller ikkje produkt som vert tilsette ved hjelp av berestoff, t.d. i form av tekstilstoff eller andre materiale, eller andre hjelpemiddel som vert nytta utan etterfølgjande vask, t.d. flekkfjernarar for teppe og møbelstoff.

Produktgruppa omfattar ikkje tekstilvaskemiddel som er meinte for forbrukarar.

Artikkel 2

For å kunne få tildelt EU-miljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 må eit tekstilvaskemiddel høyre inn under produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» slik det er definert i artikkel 1 i denne avgjerda, og oppfylle dei kriteria og tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 3

Kriteria for produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde i fire år frå den datoen denne avgjerda vert teken.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» tildelt kodennummeret «039».

Artikkel 5

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 14. november 2012.

For Kommisjonen

Janez POTOČNIK

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 326 av 24.11.2012, s. 38, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 44/2013 av 15. mars 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 49 av 29.8.2013, s. 20.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

VEDLEGG

MÅLSETJING

Føremålet med kriteria

Kriteria skal særleg fremje produkt som har ein redusert miljøverknad på økosystem i vatn, som inneheld ei avgrensa mengd farlege stoff, og som har gjennomgått ei prøving av ytinga si. Kriteria tek òg sikte på å redusere energiforbruket ved tekstilvask ved å fremje produkt som verkar ved lågare temperaturar.

KRITERIUM

Kriteria er fastsette for kvart einskilt punkt nedanfor:

1. Opplysningar om produkt og dosering
2. Giftverknad for vassorganismar: kritisk fortynningsvolum (CDV)
3. Evne til biologisk nedbryting
4. Stoff og stoffblandingar som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang
5. Krav til emballasje
6. Vaskeevne (dugleik)
7. Automatiske doseringssystem
8. Bruksrettleiing — Opplysningar på EU-miljømerket

1) **Vurdering og kontroll**

a) Krav

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte under kvart kriterium.

Når søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet oppfyller kriteria, kan dette kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

Dersom det er mogleg, bør prøvingane utførast av laboratorium som oppfyller dei generelle krava i standarden EN ISO 17025 eller ein tilsvarende standard.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er oppførte under kvart kriterium, dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Tillegg I viser til databasen for deleme i vaskemiddel (DID-lista), som inneheld dei stoffa som er mest nytta i vaskemiddelsamansetnader. Denne databasen skal nyttast ved utrekning av kritisk fortynningsvolum (CDV) og til vurdering av evna til biologisk nedbryting hjå innhaldsstoffa. For stoff som ikkje er oppførte i DID-lista, finst det retningslinjer for korleis relevante data kan reknast ut eller ekstrapolerast. Den siste utgåva av DID-lista er tilgjengeleg frå nettstaden for EU-miljømerket eller via nettstadene til dei einskilde rette organa.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

b) Målegrenser

Stoff som medvite er vortne tilsette, og biprodukt og ureinske frå råmateriale som finst i konsentrasjonar på over 0,010 vektprosent i den endelege samansetnaden, skal oppfylle miljøkriteria.

Biocid, fargestoff og duftstoff skal oppfylle kriteria utan omsyn til konsentrasjon.

Stoff som finst i konsentrasjonar over den nemnde grenseverdien og er oppførte ovanfor, vert heretter kalla «innhaldsstoff».

For alle produkt gjeld følgjande: det er den høgste tilrådde samla doseringa for det einskilde smussnivået som skal oppfylle miljøkriteria. Dersom doseringa er oppført i intervall, skal den høgste tilrådde dosen nyttast når det skal vurderast om kriteria er oppfylte.

2) Funksjonell eining

Den funksjonelle eininga for denne produktgruppa skal uttrykkjast i g/kg vask (gram per kilo vask).

Krav til vurdering og kontroll av den funksjonelle eininga:

Den fullstendige samansetnaden til produktet, med opplysningar om handelsnamn, kjemisk nemning, CAS-nummer, DID-nummer(*), inngåande mengd med og utan vatn, og verkemåten og forma til alle innhaldsstoffa (utan omsyn til konsentrasjon), skal sendast over til det rette organet. Ei prøve av illustrasjonen på emballasjen som viser tilrådd dosering skal sendast over til det rette organet.

For kvart innhaldsstoff skal det sendast over tryggleiksdatablad til det rette organet, i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006⁽¹⁾.

Del A og B i DID-lista kan finnast på nettstaden for EU-miljømerket:

http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/documents/did_list/didlist_part_a_en.pdf

http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/documents/did_list/didlist_part_b_en.pdf

KRITERIUM FOR EU-MILJØMERKET

Kriterium 1 — Opplysningar om produkt og dosering

Den tilrådde samla doseringa for 1 kg vask i høve til smussnivå og hardleiksgraden til vatnet skal gjevast i g/kg vask eller ml/kg vask. Alle produkt som høyrer til eit fleirkomponentsystem, skal takast med i den høgste tilrådde doseringa når det skal vurderast om kriteria er oppfylte.

Døme på smussnivå:

Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Hotell: sengetøy, sengeteppe og handklede osv. (handklede kan reknast som svært skiten vask)	Arbeidsklede: institusjonar/detaljhandel/serviceyrke osv.	Arbeidsklede: industri/kjøken/slakteri osv.
Handkledeullar av tekstil	Restaurantar: dukar, serviettar osv. Moppar og matter	Kjøketekstilar: klede, kjøkenhandklede osv. Institusjonar som t.d. sjukehus: sengetøy, sengeteppe, overtrekkslaken, pasientklede, lækjarfrakkar og andre klede for pleiepersonell osv.

Det skal gjevast opplysningar om produktnamnet, eller når det gjeld fleirkomponentsystem, ei liste over alle produktdelane i systemet, saman med tilrådd vasshardleik (blautt, middels eller hardt) og smussnivå.

Søkjaren må dokumentere at alle produktnamna oppfyller kriterium 2, 3 og 6.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal gje opplysningar om produktnamnet, eller når det gjeld fleirkomponentsystem, ei liste over alle produktdelane i systemet, saman med ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden, etiketten eller illustrasjonar, medrekna doseringsrettleiing for dei tre smussnivåa og hardleiksnivåa for vatn. Det skal opplysast om densitet (g/ml) for alle produkt (anten på emballasjen eller i eit tryggleiksdatablad).

Kriterium 2 — Giftverknad for vassorganismar: kritisk fortynningsvolum (CDV)

Det kritiske fortynningsvolumet til produktet ($CDV_{kronisk}$) skal ikkje overstige dei følgjande grenseverdiane:

Blautt vatn (0–6 °dH)	$CDV_{kronisk}$ (L/kg vask)		
	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	30 000	40 000	50 000

(*) DID-nummeret er det nummeret innhaldsstoffet har i DID-lista (databasen for delemne i vaskemiddel), og vert nytta til å vurdere om kriterium 2 og 3 er oppfylte. Sjå tillegg I.

(1) TEU L 396 av 30.12.2006, s. 1.

Blautt vatn (0–6 °dH)	CDV _{kronisk} (L/kg vask)		
	Produkttype/smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask
Flytande form	50 000	60 000	70 000
Fleirkomponentsystem	50 000	70 000	90 000

Middels hardt vatn (7–13 °dH)	CDV _{kronisk} (L/kg vask)		
	Produkttype/smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask
Pulverform	40 000	60 000	80 000
Flytande form	60 000	75 000	90 000
Fleirkomponentsystem	60 000	80 000	100 000

Hardt vatn (> 14 °dH)	CDV _{kronisk} (L/kg vask)		
	Produkttype/smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask
Pulverform	50 000	75 000	90 000
Flytande form	75 000	90 000	120 000
Fleirkomponentsystem	75 000	100 000	120 000

Kritisk fortynningsvolum (CDV_{kronisk}) vert rekna ut for kvart enkelt innhaldsstoff (i) i produktet etter denne likninga:

$$CDV_{kronisk} = \sum CDV_{(i)} = \sum \frac{vekt_{(i)} \times DF_{(i)}}{TF_{kronisk(i)}} \times 1000$$

der:

vekt = vekta til innhaldsstoffet per tilrådd dose

DF = nedbrytingsfaktoren

TF = faktoren for den kroniske giftverknaden til stoffet, slik det er ført opp i DID-lista.

Biocid, fargestoff og duftstoff som finst i produktet, skal òg takast med i utrekninga av CDV-verdien, sjølv om konsentrasjonen er lågare enn 0,010 % (100 ppm).

På grunn av nedbrytinga av stoff i vaskeprosessen gjeld særskilde reglar for følgjande stoff:

— Hydrogenperoksid (H₂O₂) — skal ikkje takast med i utrekninga av CDV.

— Pereddiksyre — skal takast med i utrekninga som eddiksyre.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram utrekninga av CDV_{kronisk} for produktet. Eit rekneark for utrekning av CDV-verdien er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket.

Verdiane av parametrane DF og TF skal vere dei same som verdiane i databasen for delemne i vaskemiddel (DID-lista). Dersom stoffet ikkje er oppført i DID-lista, skal parametrane reknast ut ved hjelp av retningslinjene i del B i DID-lista, og den tilhøyrande dokumentasjonen leggjast ved.

Kriterium 3 — Evne til biologisk nedbryting

a) Evne til biologisk nedbryting hjå overflateaktive stoff

Alle overflateaktive stoff må kunne brytast ned biologisk under aerobe tilhøve.

Alle ikkje-ioniske og kationiske overflateaktive stoff må òg vere biologisk nedbrytelege under anaerobe tilhøve.

b) Evne til biologisk nedbryting hjå organiske stoff

Det samla innhaldet i produktet av organiske stoff med manglande evne til aerob biologisk nedbryting (som ikkje er lett biologisk nedbrytelege) (aNBO) og manglande evne til anaerob biologisk nedbryting (anNBO) skal ikkje overstige følgjande grenseverdier:

aNBO

Blautt vatn (0–6 °dH)	aNBO (g/kg vask)		
Produkttype/smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	0,70	1,10	1,40
Flytande form	0,50	0,60	0,70
Fleirkomponentsystem	1,25	1,75	2,50

Middels hardt vatn (7–13 °dH)	aNBO (g/kg vask)		
Produkttype/smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	1,10	1,40	1,75
Flytande form	0,60	0,70	0,90
Fleirkomponentsystem	1,75	2,50	3,75

Hardt vatn (> 14 °dH)	aNBO (g/kg vask)		
Produkttype/smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	1,40	1,75	2,20
Flytande form	0,70	0,90	1,20
Fleirkomponentsystem	2,50	3,75	4,80

anNBO

Blautt vatn (0–6 °dH)	anNBO (g/kg vask)		
Produkttype/smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	0,70	1,10	1,40
Flytande form	0,50	0,60	0,70
Fleirkomponentsystem	1,25	1,75	2,50

Middels hardt vatn (7–13 °dH)	anNBO (g/kg vask)		
Produkttype/smussnivå	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Pulverform	1,10	1,40	1,75
Flytande form	0,60	0,70	0,90
Fleirkomponentsystem	1,75	2,50	3,75

Hardt vatn (> 14 °dH)	anNBO (g/kg vask)		
	Litt skiten vask	Middels skiten vask	Svært skiten vask
Produkttype/smussnivå			
Pulverform	1,40	1,75	2,20
Flytande form	0,70	0,90	1,20
Fleirkomponentsystem	2,50	3,75	4,80

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon for evna til nedbryting hjå dei overflateaktive stoffa i tillegg til utrekninga av anNBO og anNBO for produktet. Eit rekneark for utrekning av anNBO- og anNBO-verdiane er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket.

Med omsyn til både dei overflateaktive stoffa og anNBO- og anNBO-verdiane bør det visast til DID-lista. For innhaldsstoff som ikkje er oppførte i DID-lista, skal det gjevast relevante opplysningar frå litteraturen eller frå andre kjelder, eller relevante prøvingsresultat, som syner at dei har evne til aerob og anaerob biologisk nedbryting, slik det er fastsett i tillegg I.

Merknad: TAED bør reknast for å vere anaerobt biologisk nedbryteleg.

Dersom det ikkje finst dokumentasjon i samsvar med krava ovanfor, kan stoff som ikkje er overflateaktive, få unntak frå kravet om anaerob nedbrytingsevne dersom eitt av følgjande tre punkt er oppfylt:

1. Stoffet er lett nedbryteleg og har låg adsorpsjon ($A < 25\%$), eller
2. Stoffet er lett nedbryteleg og har høg desorpsjon ($D > 75\%$), eller
3. Stoffet er lett nedbryteleg og ikkje bioakkumulerande.

Prøving av adsorpsjon/desorpsjon kan utførast i samsvar med OECD-retningslinje 106.

Kriterium 4 — Stoff og stoffblandingar som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang

a) Stoff som ikkje skal nyttast

Følgjande stoff skal ikkje nyttast i produktet, verken som del av sjølvve samansetnaden eller som del av ei stoffblanding som utgjer ein del av samansetnaden:

- Fosfat (fosfonat er ikkje utelukka, men avgrensa ved kriterium 3)
- APEO (alkylfenoletoksylat) og APD (alkylfenol og derivat av det)
- EDTA (etylen-diamin-tetra-eddiksyre) og salt av det

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, eventuelt saman med høveleg dokumentasjon frå tilverkaren av stoffa som utfyller fråsegna, og som stadfestar at dei stoffa som er oppførte i lista, ikkje er nytta i produktet.

b) Farlege stoff og stoffblandingar

I samsvar med artikkel 6 nr. 6 i forordning (EF) nr. 66/2010 om EU-miljømerket skal produktet eller delar av produktet ikkje innehalde stoff som oppfyller kriteria for klassifisering med dei fare- eller risikoseiningane som er oppførte nedanfor i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008⁽¹⁾ eller rådsdirektiv 67/548/EØF⁽²⁾, eller innehalde stoff som er nemnde i artikkel 57 i forordning (EF) nr. 1907/2006. Risikoseiningane under vert som regel nytta om stoff. Dersom det ikkje er mogleg å få opplysningar om stoffa, kan klassifiseringsreglane for stoffblandingar nyttast.

⁽¹⁾ TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1.

⁽²⁾ TEF 196 av 16.8.1967, s. 1.

Liste over faresetningar:

Faresetning ⁽¹⁾	Risikosetning ⁽²⁾
H300 Dødeleg ved svelging	R 28
H301 Giftig ved svelging	R25
H304 Kan vere dødeleg ved svelging dersom det kjem ned i luftvegane	R65
H310 Dødeleg ved hudkontakt	R27
H311 Giftig ved hudkontakt	R24
H330 Dødeleg ved innanding	R23/26
H331 Giftig ved innanding	R23
H340 Kan føre til genetiske skadar	R46
H341 Mistenkt for å kunne gje genetiske skadar	R68
H350 Kan føre til kreft	R45
H350i Kan føre til kreft ved innanding	R49
H351 Mistenkt for å kunne føre til kreft	R40
H360F Kan skade forplantingsevna	R60
H360D Kan gje fosterskadar	R61
H360FD Kan skade forplantingsevna. Kan gje fosterskadar	R60/61/60-61
H360Fd Kan skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R60/63
H360Df Kan gje fosterskadar. Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	R61/62
H361f Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	R62
H361d Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R63
H361fd Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R62-63
H362 Kan skade barn som vert amma	R64
H370 Fører til organskadar	R39/23/24/25/26/27/28
H371 Kan føre til organskadar	R68/20/21/22
H372 Fører til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering	R48/25/24/23
H373 Kan føre til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering	R48/20/21/22
H400 Svært giftig for liv i vatn	R50
H410 Svært giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	R50-53
H411 Giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	R51-53
H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn	R52-53

Faresetning ⁽¹⁾	Risikosetning ⁽²⁾
H413 Kan føre til skadelege langtidsvirknader for liv i vatn	R53
EUH059 Farleg for ozonlaget	R59
EUH029 Ved kontakt med vatn vert det utvikla giftig gass	R29
EUH031 Ved kontakt med syre vert det utvikla giftig gass	R31
EUH032 Ved kontakt med syre vert det utvikla svært giftig gass	R32
EUH070 Giftig ved kontakt med auga	R39-41
Sensibiliserande stoff	
H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding	R42
H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon	R43

⁽¹⁾ Forordning (EF) nr. 1272/2008.

⁽²⁾ Direktiv 67/548/EØF med tilpassing til REACH i samsvar med direktiv 2006/121/EF og direktiv 1999/45/EF med endringar.

Merknad: Dette kriteriet skal òg nyttast på kjende nedbrytingsprodukt som t.d. formaldehyd frå agensar som frigjer formaldehyd.

Stoff eller stoffblandingar som får endra eigenskapane sine ved behandling (slik at dei t.d. ikkje lenger er biotilgjengelege, eller slik at dei endrar seg kjemisk) på ein slik måte at den påviste faren ikkje lenger ligg føre, er ikkje omfatta av kravet som er nemnt ovanfor.

Sluttproduktet skal ikkje vere merkt med dei faresetningane som er nemnde ovanfor.

Unntak

Følgjande stoff er ikkje omfatta av dette kravet:

Overflateaktive stoff < 20 % i sluttproduktet	H400 Svært giftig for liv i vatn	R50
Biocid som vert nytta til konservering(*) (gjeld berre væsker med pH mellom 2 og 12 og høgst 0,10 vektprosent aktivt materiale)	H331 Giftig ved innanding H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon H400 Svært giftig for liv i vatn	R23 R42 R43 R50
Enzym(**)	H400 Svært giftig for liv i vatn H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding H317 Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon	R50 R42 R43
Bleikjemiddelkatalysatorar(**)	H400 Svært giftig for liv i vatn	R50
NTA som ureinske i MGDA og GLDA(***)	H351 Mistenkt for å kunne føre til kreft	R40

(*) Unntaket gjeld berre kriterium 4 bokstav b). Biocid skal oppfylle kriterium 4 bokstav e).

(**) Medrekna stabilisatorar og andre hjelpestoff i stoffblandingane.

(***) I konsentrasjonar under 1,0 % i råmaterialet, så lenge den samla konsentrasjonen i sluttproduktet er lågare enn 0,10 %.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal kunne påvise at dette kriteriet er oppfylt ved å dokumentere at ingen av innholdsstoffa er klassifiserte i nokon av dei fareklassane som er knytte til faresetningane i lista ovanfor i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, i den grad dette er mogleg å slå fast, som eit minimum ut frå dei opplysningane som oppfyller krava i vedlegg VII til forordning (EF) nr. 1907/2006. Denne fråsegna skal underbyggjast med samandraginformasjon om dei relevante eigenskapane som er knytte til faresetningane i lista ovanfor, på det detaljnivået som er fastsett i avsnitt 10, 11 og 12 i vedlegg II til forordning (EF) nr. 1907/2006 (krav til utarbeiding av tryggleiksdatablad).

Opplysningar om dei ibuande eigenskapane til stoffa kan skaffast fram på andre måtar enn ved prøvingar, t.d. ved bruk av alternative metodar som *in vitro*-metodar, ved kvantitative strukturaktivitetsmodellar eller ved bruk av gruppering av stoff eller jamføring med stoff som har same struktur, i samsvar med vedlegg XI til forordning (EF) nr. 1907/2006. Utveksling av data vert tilrådd på det sterkaste.

Opplysningane som vert gjevne, skal gjelde dei formene eller fysiske tilstandane av stoffet eller stoffblandingane som vert nytta i sluttproduktet.

For stoff som er oppførte i vedlegg IV og V til forordning (EF) nr. 1907/2006 (REACH) og har unntak frå registreringsplikta i medhald av artikkel 2 nr. 7 bokstav a) og b) i den nemnde forordninga, vil ei fråsegn om dette vere tilstrekkeleg til å oppfylle dei krava som er fastsette ovanfor.

c) Stoff som er oppførte i samsvar med artikkel 59 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1907/2006

Det skal ikkje gjevast unntak frå utelatinga i artikkel 6 nr. 6 i forordning (EF) nr. 66/2010 for stoff som er identifiserte som stoff som gjev svært stor grad av uro, som er oppførte i den lista som er fastsett i artikkel 59 i forordning (EF) nr. 1907/2006, og som finst i stoffblandingar i konsentrasjonar som er høgre enn 0,010 %.

Vurdering og kontroll: Lista over stoff som er identifiserte som stoff som gjev svært stor grad av uro, og som er oppførte i kandidatlista i samsvar med artikkel 59 i forordning (EF) nr. 1907/2006, kan finnast her: http://echa.europa.eu/chem_data/authorisation_process/candidate_list_table_en.asp

Tilvisinga til lista skal gjerast på søknadsdatoen. Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei nøyaktig utgreiing om produksamsansetnaden. Søkjaren skal òg leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med tilhøyrande dokumentasjon, t.d. samsvarsfråsegner som er underteikna av leverandørane av materiala, og kopiar av relevante tryggleiksdatablad for stoff eller stoffblandingar.

d) Innholdsstoff som berre kan nyttast i avgrensa omfang — duftstoff

Produktet skal ikkje innehalde duftstoff med nitromoskus eller polysyklisk moskus

Alle innholdsstoff som vert tilsette som duftstoff i produktet, skal vere produserte og handsama etter dei reglane for god praksis som er fastsette av International Fragrance Association (IFRA). Reglane kan finnast på nettstaden til IFRA: <http://www.ifraorg.org>. Produsenten skal følgje tilrådingane i IFRA-standardane om forbod, avgrensa bruk av og særlege reinleikskriterium for materiala.

Duftstoff som er underlagde opplysningskravet som er fastsett i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 648/2004⁽¹⁾ om vaske- og rengjøringsmidler (vedlegg VII), og som ikkje alt er utelatne ved kriterium 4 bokstav b), skal ikkje finnast i mengder $\geq 0,010$ % (≥ 100 ppm) per stoff i sluttproduktet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn med opplysningar om mengda av duftstoff i produktet. Søkjaren skal òg gje ei fråsegn frå duftstoffprodusenten med opplysningar om innhaldet av kvart av dei stoffa som finst i duftstoffa som er oppførte i del I i vedlegg III til rådsdirektiv 76/768/EØF⁽²⁾.

e) Biocid

- i) Produktet kan berre innehalde biocid for å konservere produktet, og doseringa skal vere tilpassa berre for dette føremålet. Dette gjeld ikkje for overflateaktive stoff, som òg kan ha biocidliknande eigenskapar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram kopiar av tryggleiksdatablada for alle tilsette biocid, saman med opplysningar om den nøyaktige konsentrasjonen deira i produktet. Produsenten eller leverandøren av biocida skal leggje fram opplysningar om den doseringa som er naudsynt for konservering av produktet.

- ii) Det er forbode å hevde eller føreslå på emballasjen eller på annan måte at produktet har ein antimikrobiell eller desinfiserande verknad.

⁽¹⁾ TEU L 104 av 8.4.2004, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 262 av 27.9.1978, s. 169.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram for det rette organet dei tekstene og den utforminga som skal nyttast på kvar emballasjetype, og/eller eit døme på kvar av dei ulike emballasjetypene.

- iii) Produktet kan innehalde biocid på det vilkåret at dei ikkje er bioakkumulerande. Eit biocid vert ikkje rekna for å vere bioakkumulerande dersom biokonsentrasjonsfaktoren (BCF) < 100 eller logKow < 3,0. Dersom både BCF- og logKow-verdiane er tilgjengelege, skal den høgste målte BCF-verdien nyttast.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram kopiar av tryggleiksdatablada for alle tilsette biocid, saman med opplysningar om BCF- og /eller logKow-verdiane deira.

f) Enzym

Enzym skal tilsetjast i flytande form eller som støvfritt granulat. Enzyrna skal ikkje innehalde restar av mikroorganismar frå framstillinga.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram kopiar av tryggleiksdatablada for alle tilsette enzym, saman med dokumentasjon som sikrar at enzymet ikkje inneheld restar frå mikroorganismar.

Kriterium 5 — Krav til emballasje

a) Vekt/nytte-høve (WUR)

Vekt/nytte-høvet (WUR) til produktet skal ikkje overstige dei følgjande verdiane:

Produkttype/vasshardleik	WUR (g/kg vask)		
	Blautt vatn	Middels hardt vatn	Hardt vatn
Pulverform	1,5	2,0	2,5
Flytande form	2,0	2,5	3,0

WUR skal utrekna berre for primæremballasjen, og utrekninga skal gjerast for kvart produkt i eit fleirkomponentsystem (medrekna kapslar, proppar og handpumper/sprøyteinnretningar) ved å nytte følgjande formel:

$$WUR = \sum [(W_i + U_i)/(D_i * r_i)]$$

der:

W_i = vekta (g) av emballasjekomponenten (i), eventuelt medrekna etikett.

U_i = vekta (g) av ikkje-attvunne (nytt) materiale i emballasjekomponenten (i). Dersom mengda av attvunne materiale i emballasjekomponenten er 0 %, er $U_i = W_i$.

D_i = talet på funksjonelle einingar i emballasjekomponenten (i). Funksjonell eining = dosering i g/kg vask. Merknad: Ved utrekninga av WUR skal den høgste tilrådde doseringa for kvar vasshardleiksgrad nyttast.

r_i = attvinningstalet, dvs. så mange gonger emballasjekomponenten (i) vert nytta for det same føremålet gjennom eit retur- eller etterfyllingssystem. $r = 1$ berre dersom emballasjen ikkje vert nytta om att for det same føremålet. Dersom emballasjen vert nytta om att, skal r setjast lik 1, med mindre søkjaren kan dokumentere eit høgre tal.

Unntak

Emballasje av plast/papir/papp som inneheld meir enn 80 % attvunne materiale eller meir enn 80 % plast frå fornybare kjelder, er ikkje omfatta av dette kravet.

Emballasjen vert rekna som attvunnen dersom råmaterialet som er nytta til å lage emballasjen, er samla inn frå emballasjeproducentar i distribusjons- eller forbrukarledet. Dersom råmaterialet er industriavfall frå materialproduzenten sin eigen produksjonsprosess, skal materialet ikkje reknast som attvunne.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram utrekninga av WUR for kvart produkt. Eit rekneark for denne utrekninga er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket. Søkjaren skal leggje fram ei utfylt og underteikna fråsegn om innhaldet av attvunne materiale eller materiale frå fornybare kjelder, i emballasjen. For å få godkjent etterfyllingsemballasjen skal søkjaren og/eller detaljisten dokumentere at etterfyllingsprodukta kan kjøpast på marknaden.

b) Plastemballasje

Plastemballasje kan berre innehalde ftalat som på tidspunktet då det vart søkt om tildeling av miljømerket, har gjennomgått ei risikovurdering, og som ikkje er klassifiserte i samsvar med kriterium 4 bokstav b) (og kombinasjonar av dette).

For å gjere det lettare å identifisere ulike delar av emballasjen med sikte på attvinning, skal plastdelar i primæreemballasjen merkjast i samsvar med standarden DIN 6120 del 2 eller tilsvarande. Kapslar og pumper er ikkje omfatta av dette kravet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei utfylt og underteikna samsvarsfråsegn.

Kriterium 6 — Vaskeevne (dugleik)

Dei viktigaste vaskeverknadene til vaskemiddelet, t.d. evna til fjerning av smuss og flekker, skal dokumenterast av produsenten/søkjaren ved hjelp av ein prosess der tilskitna tekstilprøvestykke vert vaska.

Prøvinga skal utførast ved eit eksternt eller internt laboratorium som oppfyller krava i tillegg II bokstav a). Prøvinga skal utførast med tilrådd dosering og med den tilsvarande vasshardleiken og smussnivået ved den lågaste tilrådde vasketemperaturen. Målingane skal utførast på uvaska og vaska tekstilprøvestykke. Prøvningsresultata skal vurderast av laboratoriet, og skal vere utførleg omtala i rapporten.

Målingar av sekundære verknader, t.d. bleiking, bleikings-/skadefaktor, oskeinnhald, gråfarging og auka mekanisk slitasje (fluiditet), kan t.d. utførast på tekstilprøvestykke som vert vaska fleire gonger, og analysert i samsvar med standarden ISO 4312.

Følgjande vaskeprøvestykke kan t.d. nyttast:

- WFK-PCMS-55 for industrivaskeprosessar, som omfattar 13 ulike små smusslappar (WFK-Cleaning Technology Research Institute, Tyskland).
- EMPA 102, som omfattar 15 ulike nye flekker (EMPA-Testmaterials, Sveits).
- Prøvestykker frå DTI (Danish Technology Institute) for industrivaskeprosessar eller tilsvarande.

Som alternativ til laboratorieprøvinga som er nemnd ovanfor, kan det utførast ei brukarprøving for å dokumentere vaskeevna. Brukarprøvinga bør då oppfylle krava i tillegg II bokstav b).

For både laboratorieprøvingar og brukarprøvingar gjeld følgjande:

Prøvningsproduktet må prøvast mot eit referanseprodukt. Referanseproduktet kan vere eit produkt som er godt etablert på marknaden, eller – når det gjeld brukarprøvingar – det produktet som brukaren vanlegvis nyttar. Prøvningsproduktet må ha minst like god vaskeevne som referanseproduktet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvningsrapport som viser at produktet oppfyller minstekrava som er definerte i den utvalde prøvinga; sjå òg høvesvis tillegg II bokstav a) og II b).

Kriterium 7 — Automatiske doseringssystem

Kunden skal ha tilbod om fleirkomponentsystem, saman med eit system for automatisk og kontrollert dosering.

For å sikre korrekt dosering i automatiske doseringssystem skal produsentar/leverandørar gjennomføre kundevitjingar som ein del av den vanlege rutinen. Slike vitjingar skal gjennomførast hjå alle kundar minst éin gong i året i lisensperioden og skal minst omfatte kalibrering av doseringsutstyret. Kundevitjingar kan òg gjennomførast av tredjemann.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei skriftleg utgreiing om kven som har ansvaret for kundevitjingane, kor ofte dei finn stad og kva dei omfattar.

Kriterium 8 — Bruksrettleiing — Opplysningar på EU-miljømerket

a) Opplysningar på emballasjen/produktdatabladet

Følgjande vasketilrådingar (eller tilsvarande) skal finnast på emballasjen til produktet og/eller i eit produktdatablad. Vasketilrådingane skal omfatte døme på klassifisering av smussnivåa til tekstilane, og innehalde følgjande tekst:

- Vask med lågast mogleg tilrådd temperatur
- Vask alltid med mest mogleg full vaskemaskin, alt etter kva tekstilane toler
- Følg doseringsrettleiinga, og doser vaskemiddelet etter kor hardt vatnet er og kor skiten vasken er
- Bruken av dette EU-miljømerkte produktet og denne doseringsrettleiinga vil medverke til mindre vassureining, avfallsproduksjon og energiforbruk.

b) Påstandar på emballasjen

Generelt skal påstandar på emballasjen dokumenterast ved prøving av vaskeevne (t.d. påstandar om effektivitet ved låge temperaturar, påstandar om fjerning av visse typar flekker, påstandar om føremoner ved visse tekstiltypar eller tekstilfargar, eller andre påstandar om særlege eigenskapar/føremoner ved produktet).

- Dersom det t.d. ligg føre påstandar om at eit produkt er effektivt ved 20 °C, må prøvinga av vaskeevne utførast ved ≤ 20 °C (og tilsvarande for andre påstandar om temperaturar under 40 °C).
- Dersom det t.d. ligg føre påstandar om at eit produkt er effektivt mot visse typar flekker, må dette dokumenterast med prøving av vaskeevne.

c) Opplysningar på EU-miljømerket

Logoen skal vere synleg og leseleg. Bruken av logoen for EU-miljømerket er verna i primærregelverket til EU. Registrerings-/lisensnummeret til EU-miljømerket skal vere påført produktet, og vere leseleg og klart synleg.

Eit valfritt merke med tekstfelt skal innehalde følgjande tekst:

- Redusert miljøverknad på økosystem i vatn
- Avgrensa bruk av farlege stoff
- Har gjennomgått prøving av vaskeevne

Retningslinjene for bruk av det valfrie merket med tekstfelt kan finnast i «Guidelines for use of the Ecolabel logo» på følgjande nettstad: http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/documents/logo_guidelines.pdf.

Vurdering og kontroll (a–c): Søkjaren skal leggje fram eit eksemplar av produktmerket og/eller produktdatabladet, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt. Påstandar om produktet skal dokumenterast gjennom høvelege prøvingsrapportar.

Tillegg I

Databasen for deleme i vaskemiddel (DID-lista)

DID-lista (del A) er ei liste som inneheld opplysningar om giftverknad i vatn og evne til biologisk nedbryting hjå innhaldsstoff som ofte vert nytta i vaskemiddelsamansetnader. Lista inneheld opplysningar om giftverknaden og evna til biologisk nedbryting hjå ei rekkje stoff som vert nytta i vaskemiddel og reingjeringsmiddel. Lista er ikkje uttømmende, men del B i DID-lista inneheld retningslinjer for fastsetjing av relevante utrekningsparametrar for stoff som ikkje er oppførte i DID-lista (t.d. faktor for giftverknad (TF) og nedbrytingsfaktor (DF), som vert nytta ved utrekning av kritisk fortynningsvolum). Lista er ei allmenn informasjonskjelde, og stoff som er oppførte i DID-lista, er ikkje automatisk godkjende for bruk i produkt som har fått tildelt EU-miljømerket. DID-lista (del A og B) kan finnast på nettstaden for EU-miljømerket.

For stoff som det ikkje finst opplysningar om når det gjeld giftverknad i vatn og nedbrytsevne, kan det nyttast stoff med liknande struktur for å vurdere TF- og DF-verdien. Slike strukturelle jamføringar skal godkjennast av det rette organet som tildeler EU-miljømerket. Som alternativ kan det nyttast ei vurdering basert på verst tenkjelege tilfelle, ved bruk av parametranane nedanfor:

Verst tenkjelege tilfelle:

Innhaldsstoff	Akutt giftverknad			Kronisk giftverknad			Nedbryting		
	LC50/ EC50	SF _(akutt)	TF _(akutt)	NOEC(*)	SF _{(kronisk)(*)}	TF _(kronisk)	DF	Aerob	Anaerob
«Nemning»	1 mg/l	10 000	0,0001			0,0001	1	P	N

(*) Dersom det ikkje ligg føre opplysningar om kronisk giftverknad, skal desse kolonnane stå tomme. I så fall er TF(kronisk) definert som lik TF(akutt).

Dokumentasjon som syner evne til lett biologisk nedbryting

Følgjande metodar for prøving av evne til lett biologisk nedbryting skal nyttast:

- 1) Fram til 1. desember 2010 og i overgangsperioden frå 1. desember 2010 til 1. desember 2015:

Dei metodane for prøving av evne til lett biologisk nedbryting som er fastsette i direktiv 67/548/EØF, særleg dei metodane som det er gjort greie for i del C nr. 4 i vedlegg V til det nemnde direktivet, dei tilsvarande prøvingsmetodane i OECD 301 A-F eller ISO-prøvingar som svarar til desse.

Prinsippet om ei tidagarsgrense skal ikkje nyttast når det gjeld overflateaktive stoff. Godkjeningsnivåa skal vere 70 % for dei prøvingane som er nemnde i del C nr. 4-A og del C nr. 4-B i vedlegg V til direktiv 67/548/EØF (og dei tilsvarande OECD 301 A- og E-prøvingane og ISO-prøvingar som svarar til desse), og 60 % for C4-C-, D-, E- og F-prøvingane (og dei tilsvarande OECD 301 B-, C-, D- og F-prøvingane og ISO-prøvingar som svarar til desse).

- 2) Etter 1. desember 2015 og i overgangsperioden frå 1. desember 2010 til 1. desember 2015:

Dei relevante prøvingsmetodane som er fastsette i forordning (EF) nr. 1272/2008.

Dokumentasjon som syner evne til anaerob biologisk nedbryting

EN ISO 11734, ECETOC-prøving nr. 28 (juni 1988), OECD 311 eller tilsvarande prøvingsmetode skal nyttast for referanseprøvinga for evne til anaerob nedbryting, med krav om evne til minst 60 % nedbryting under anaerobe tilhøve. Prøvingsmetodar som simulerer tilhøva i eit relevant anaerobt miljø, kan òg nyttast for å dokumentere at kravet om evne til minst 60 % nedbryting er oppnådd under anaerobe tilhøve.

Ekstrapolering for stoff som ikkje er oppførte i DID-lista

For innhaldsstoff som ikkje er oppførte i DID-lista, kan følgjande metode nyttast for å skaffe den naudsynte dokumentasjonen som syner evne til anaerob biologisk nedbryting:

- 1) Rimeleg ekstrapolering skal nyttast. Bruk prøvingsresultata frå eitt råmateriale til å ekstrapolere den best moglege evna til anaerob nedbryting hjå strukturelt nærskylde overflateaktive stoff. Dersom evna til anaerob biologisk nedbryting er vorten stadfesta for eit overflateaktivt stoff (eller for ei gruppe homologar) i samsvar med DID-lista, er det grunn til å gå ut frå at eit liknande overflateaktivt stoff òg vil ha evne til anaerob biologisk nedbryting (t.d. har C 12-15 A 1-3 EO-sulfat (nr. 8 i DID-lista) evne til anaerob biologisk nedbryting, og det er då grunn til å gå ut frå at C12-15 A 6 EO-sulfat har ei liknande evne til anaerob biologisk nedbryting). Dersom evna til anaerob biologisk nedbryting er vorten stadfesta for eit overflateaktivt stoff ved hjelp av ein høveleg prøvingsmetode, er det grunn til å gå ut frå at eit liknande overflateaktivt stoff òg vil ha evne til anaerob biologisk nedbryting (t.d. kan opplysningar frå litteraturen som stadfestar evne til anaerob biologisk nedbryting hjå overflateaktive stoff i gruppa ammoniumsalt av alkylesterar, nyttast til å dokumentere ei liknande evne til anaerob biologisk nedbryting hjå andre kvaternære ammoniumsalt som inneheld estersambindingar i alkylkjeda eller alkylkjedene).

- 2) Utfør masseundersøkingsprøving for evne til anaerob nedbryting. Dersom ny prøving er nausdynt, skal det utførast ei masseundersøkingsprøving ved hjelp av EN ISO 11734, ECETOC nr. 28 (juni 1988), OECD 311 eller ein tilsvarande metode.
 - 3) Utfør prøving av nedbrytingsevne med låg dose. Dersom ny prøving er nausdynt, og dersom det oppstår problem med utføringa av masseundersøkingsprøvinga (t.d. hemming på grunn av giftverknad i prøvestoffet), skal prøvinga gjerast om att med ein låg dose av det overflateaktive stoffet, og nedbrytinga overvakast ved hjelp av C¹⁴-metoden eller kjemiske analysar. Prøving med låge dosar kan utførast ved hjelp av metoden OECD 308 (august 2000) eller ein tilsvarande metode.
-

Tillegg II

a) Laboratorieprøving

Analyselaboratoriet skal oppfylle dei generelle krava i medhald av standarden EN ISO 17025, eller oppfylle dei offisielle krava til god laboratoriepraksis (GLP-krava).

Analyse-/målelaboratoriet til søkjaren kan godkjennast til å utføre analysar og målingar dersom

- styresmaktene overvakar prøvetakinga og analyseprosessen, eller
- produsenten har eit kvalitetssystem som omfattar prøving og analysar og er sertifisert i samsvar med ISO 9001, eller
- produsenten kan påvise at det er samsvar mellom ei førstegongsprøving som er utført som parallellprøve mellom ein upartisk prøvingsinstitusjon og produsenten sitt eige laboratorium, og at produsenten tek prøver i samsvar med ein fastlagd prøvetakingsplan.

Prøvingslaboratoriet til produsenten kan godkjennast til å utføre prøving for å dokumentere vaskeevna til produktet dersom følgjande tilleggskrav er oppfylte:

- Det må vere mogleg for miljømerkingsorganisasjonar å overvake gjennomføringa av prøvingane.
- Miljømerkingsorganisasjonen må ha tilgang til alle data om produktet.
- Prøvene må anonymiserast overfor prøvingslaboratoriet.
- Det må gjerast greie for gjennomføringa av vaskeevneprøvinga i kvalitetskontrollsystemet.

b) Brukarprøving

1. Det må hentast inn svar frå minst fem prøvingscenter som representerer eit utval av kundar.
 2. Framgangsmåten og doseringa må vere i samsvar med tilrådingane frå produsenten.
 3. Prøvingsperioden må vare i minst fire veker.
 4. Alle prøvingscenter må vurdere om produktet eller fleirkomponentsystemet, doseringsfunksjonen, kompresjonsevna, skyljeevna og løysingsevna er eigna.
 5. Alle prøvingscenter må vurdere vaskeevna til produktet eller fleirkomponentsystemet ved å svare på spørsmål som er knytte til følgjande aspekt (eller liknande formuleringar):
 - a) Evne til vask av lett skitne, middels skitne eller svært skitne tekstilar.
 - b) Ei vurdering av primære vaskeverknader, t.d. smussfjerning, flekkfjerning og bleiking.
 - c) Ei vurdering av sekundære vaskeverknader, t.d. gråfarging av kvitvask og fargeektelek og fargesmitte av kulørtvask.
 - d) Ei vurdering av verknaden av skyljemiddelet på tørking, stryking eller rulling av tekstilane.
 - e) Kor nøgd den som svarar er med kundevitjingsordningane.
 6. Svara skal rangerast på ein skala som omfattar minst tre nivå, t.d. «lite effektivt», «tilstrekkeleg effektivt» eller «svært effektivt». Når det gjeld kor nøgd prøvingscenteret er med rapporteringsordningane, skal kategoriane vere «lite nøgd», «nøgd» og «svært nøgd».
 7. Minst fem prøvingscenter må sende inn svar. Blant dei som svarar må minst 80 % oppgje at produktet er tilstrekkeleg effektivt eller svært effektivt på alle punkt (sjå nr. 4), og at dei er nøgde eller svært nøgde med kundevitjingsordningane.
 8. Alle rådata frå prøvingane skal leggjast fram.
 9. Framgangsmåten for prøving skal omtalast på ein utførleg måte.
-